

Fra: Kristen Skrivarvik <kristen.skrivarvik@sfe.no>
Sendt: 14. april 2015 10:15
Til: NVE
Kopi: Liebig-Larsen Helen Nathalie; Vidar Øvretun (Vidar.ovretun@sognekraft.no); Helge Morten Vangen; Mjøs, Trond <trond.mjøs@e-co.no> (trond.mjøs@e-co.no)
Emne: Høyringsfråsegn til søknad om 6 av 7 småkraftverk i Aurland, Vik, Høyanger og Balestrand

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

SFE Nett AS ynskjer som utgreiingsansvarleg for kraftsystemet i Sogn og Fjordane å gje ei kort høyringsfråsegn til 6 av dei 7 småkraftverka som er send ut på felles høyring. Beklagar seint svar.

SFE Nett har ingen merknad til sjølve kraftverka, men vil kommentere den regionale nettsituasjonen. For fråsegn om nettkapasitet viser vi til dei respektive lokale nettselskap.

Kraftverka i Vik og Balestrand ligg i eit område som i dag er omfatta av tilkoblingsstopp for ny produksjon, grunna manglande sentralnettskapasitet. 420kV Sogndal – Ørskog er under bygging og vi ventar at dette vil medføre at tilkoblingsstoppen vert oppheva i god tid før dei omsøkte kraftverka er aktuelle for tilkobling.

Tura- og TVK kraftverk i Vik kommune vil mate inn gjennom Sognekraft sitt nett til Hove. Pr i dag er det ikkje ledig kapasitet regionalt for ny produksjon under sentralenttspunktet Hove. Ny transformering 132/66kV i Sogndal, omsøkte Refsdal transformatorstasjon og omsøkt regional nettförsterking i samband med Feios kraftverk, vil samla sett gje nødvendig kapasitet for konsesjonsgjeven- og konsesjonssøkt produksjon i Vik.

Kråkeelvi- og Brekka kraftverk i Balestrand kommune ligg ved Lånefjorden, like ved grensa til Høyanger kommune. I same området ligg Nessane kraftverk der NVE har tilrådd at OED gjev konsesjon. I KSU for Sogn og Fjordane er det tilrådd ei nettløysing som m.a. omfattar ny 132/22kV transformering i nye Høyanger stasjon for desse kraftverka.

Skjerdal og Kvammadalselvi i Aurland kommune ligg utanfor det området som er omfatta av den nemde tilkoblingsstoppen for ny produksjon. Det er likevel avgrensa ledig kapasitet. For Aurland er det E-CO sitt 66kV nett som utfører funksjonen som regionalnett. E-CO reknar ledig kapasitet i dette nettet til 5-10MW. Både transformering 66/22kV i Aurland (Vangen) og 66/420kV i Aurland 2 vil danne flaskehals, avhengig av årstid.

Dyrdalselva kraftverk ligg på sørsida i Høyanger og såleis utanfor SFE Nett sitt utgreiingsområde.

Vennleg helsing

Kristen Skrivarvik

Nettplanleggar



SFE Nett AS

Direkte: 57 74 61 66

Mobil: 489 99 320

E-post: kristen.skrivarvik@sfe.no
